
Vår referanse 2020/41671-13
Dato 27.05.2020

ADVOKATFIRMAET JUDICIUM DA
Postboks 764 Sentrum
5807 BERGEN

Svar - søknad om utvida bruk av avkøyrslø - FV 540 - gnr 23 bnr 389 - Bergen kommune

Vi viser til brev datert 18.02.2020 og 13.05.2020. Søknaden gjeld utvida bruk av avkøyrslø frå fylkesveg 540, til eigedom av gnr. 23, bnr. 389 i Bergen kommune.

Vestland fylkeskommune sendte ein uttale til søknaden i brev datert 23.03.2020. Uttalen vart sendt til Judicium Finans AS, som var registrert som avsendar av dykkar brev datert 18.02.2020. Vi beklagar at dette brevet ikkje har kome fram til rette part.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§ 43](#) gir vi avslag til å utvida bruk av avkøyrslø frå fylkesveg 540 til eigedomen av gnr. 23 bnr. 389 i Bergen kommune.

Avslaget blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkøyrsløer frå offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964 og forskrift om retningslinjer for behandling av avkøyrsløssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982.*

Planstatus

Eigedomen er omfatta av reguleringsplan frå 1973: «Fyllingsdalen. Boligfelt X, Tomteareal GI, GII og FI» (plan-ID 3830000). Den omsøkte avkøyrslø er ikkje regulert i planen, og søknad om avkøyrslø skal difor handsamast av vedkomande vegmynde etter veglova. Frå 01.01.2020 er dette Vestland fylkeskommune i denne saka.

Delar av tilkomstvegen til eigedomen er regulert som gangveg i gjeldande reguleringsplan. Tiltaket krev difor dispensasjon frå planen. Bergen kommune er planmynde etter plan- og bygningslova. Statens vegvesen gav i 2017 ein negativ førehandsuttale til dispensasjon frå gjeldande plan, grunna omsyn til mjuke trafikantar.

Til vanlig handsamar vi ikkje søknader etter veglova før tiltaket er avklart etter plan- og bygningslova. I dette tilfellet gjer vi eit unntak. Vi har fått tilsendt referat frå førehandskonferanse frå plan- og bygningsetaten i Bergen kommune. Slik vi tolkar dette er løyve frå kommunen berre avhengig av at vegmynden gir nødvendig løyve til utvida bruk av avkøyrslø. Vi har difor valt å handsame søknaden etter veglova før kommunen har fatta sitt vedtak.

Bakgrunnen for vedtaket

Vestland fylkeskommune skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrslø frå. Vi legg òg til grunn føringar om nullvekstmål i biltrafikken i «Regional areal- og transportplan for bergensområdet». Eit viktig ledd i arbeidet for å nå nullvekstmålet er å prioritere tilbod for mjuke trafikantar.

Frå avkøyrslø går tilkomstvegen til eigedomen via gang- og sykkeltilbod langs Fyllingsdalsveien. Utvida bruk av avkøyrslø vil difor føre til auka køyrande trafikk på kostnad av mjuke trafikantar. Dette er ikkje i samsvar med overordna føringar. Bruk av gang- og sykkelveg til køyring ved

nyetableringar skal ikkje finne stad, jf. «2017 - 2020 Rammeplan for avkøyrslar med strekningsvis vurdering av haldning til byggegrenser for riks- og fylkesveg i Region vest».

Utforming av avkøyrsla frå fylkesvegen er ikkje tråd med krav i gjeldande vegnormalar. Dette gjeld mellom anna krav til sikt og svingradius. Vi vurderer at utvida bruk av avkøyrsla vil vere uheldig for trafikktryggleiken og framkomst på gang- og sykkelvegen og på fylkesvegen.

Med heimel i veglova § 40 og § 43 gir Vestland fylkeskommune avslag på søknaden.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#)

Med helsing

Hege Løvteit
Leiar

Malene Utkilen
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

BERGEN KOMMUNE PLAN- OG
BYGNINGSETATEN

Postboks 7700